



Jakob Langeland Hernar  
Sagstadvegen 19  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1389 - 17/11195

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
09.06.2017

## Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett GBNR 24/1 tilbygg til våningshus

### Administrativt vedtak. Saknr: 153/2017

Tiltakshavar: Jakob Langeland Hernar  
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova § 20-4

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 18.05.2017 søkt om tilbygg til våningshus på eigedomen gbnr 24/1. Tilbygget er omsøkt med bybygd areal (BYA) opplyst til 44 m<sup>2</sup>, og bruksareal (BRA) opplyst til å vera 50 m<sup>2</sup>.

Omsøkt våningshus er i dag i matrikkelen oppgjeve med eit BRA på 332 m<sup>2</sup>. Samla areal etter omsøkt tilbygg vil då verta 382 m<sup>2</sup> BRA.

### Vurdering:

#### Nabovarsling:

Tiltakshavar har i skriv, dagsett 18.05.2017, søkt om fritak frå nabovarsling. Grunngevinga er at våningshuset ligg i LNF-område og at tilbygget skal oppførast på baksida av huset og vil ikkje vera synleg for naboar. Administrasjon har ingen merknad, jf pbl § 21-3, andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er ein landbrukseigedom som ligg som landbruk-, natur og friområde (LNF) i kommuneplanen. Tiltaket er tilbygg til våningshus og krev ikkje dispensasjon frå LNF-føremålet.

#### Plassering, planløyving, utnyttingsgrad og avstand til nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonkart journalført motteke 18.05.2017. Slik tiltaket er skildra gjennom søknaden, legg administrasjonen til grunn at tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4 i høve til plassering og avstand til nabogrense.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Utforming, planløsning, funksjon og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløsning og utsjånad og vert elles vurdert til å være i samsvar med krava til utforming og visuelle kvaliteter, jf pbl §§ 29-1 og 29-2. Det vert vist til plan- og fasadeteikningar journalført motteke 18.05.2017.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-4 løyve til tilbygg på 50 m2 BRA til våningshus på gbnr 24/1 i Meland kommune. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett GBNR 24/1  
Kart  
Teikningar

**Mottakere:**

Jakob Langeland Hernar

Sagstadvegen 19 5918

FREKHAUG